

# KRITISKE PRESTASJONS INDEKSAR - KPI

**KPI – Kritiske Prestasjons Indeksar er ein økonomisk rapporteringsmetode for løpande drift i føretaket. KPI fokuserer på få sentrale nøkkeltal som fortel kva økonomisk resultat som er oppnådd i produksjonen og føretaket i ein periode, målt mot budsjettert KPI.**

## Føremål

Ved bruk av KPI skal du :

- kunne måle lønnsmda løpande i dine produksjonar gjennom året mot eit budsjettert resultat
- Utfordre deg sjølv og dine fagrådsgjevarar til å sette økonomiske resultatmål som skal oppnåast
- Førebygge økonomiske problem i føretaket gjennom måling av oppnådde resultat i produksjonane mot budsjett
- I ein periode med opptrapping av produksjonen ha tryggleik for om du oppnår budsjetterte resultat

## Kva er Kritiske Prestasjons Indeksar - KPI?

KPI er eit måltal – økonomisk eller mengde, som fortel kva som er oppnådd i produksjonen for ein periode, målt mot ein budsjettert KPI i same perioden.

Økonomisk KPI vil som oftast bestå av pris x mengde.

KPI basert på mengde vert nytta når levert mengde er den kritiske indeks, t.d. mjølkemengde eller tal smågris/purke.

### Døme på KPI i mjølkeproduksjon

Nøkkeltal (KPI)	Budsjett 01.01 - 30.04	Rekneskap 01.01 - 30.04	Avvik budsjett i terminen
<b>Produksjonsdata</b>			
Mjølkepris, kr./liter	4,49	5,06	0,57
Mjølk, liter	51 830	52 823	2 %
Slakt, kr./kg kjøtt	34,49	38,31	3,81
Slakteinntekt, kr.	51 742	61 848	10 106
Livdyrinntekt, kr.	20 400	12 499	-7 901
Kraftfôr, kr.	71 040	87 269	23 %

Vidare skal du få utarbeida eit budsjett som viser økonomiske KPI for føretaket. Dette inkluderer også ein avvikanalyse som viser avvik for oppnådd resultat på årsbasis i forhold til budsjettet, dersom oppnådd resultat vert nivået framover.

KPI er difor godt verktøy til å måle lønnsmda i føretaket løpande, og dannar grunnlag for å gjera tiltak ved uønska avvik.

### Døme på økonomiske KPI for føretaket

	Budsjett 01.01 - 30.04	Rekneskap 01.01 - 30.04	Avvik budsjett i terminen
Driftsinntekt inkl. tilskot	2 027 000	2 373 140	346 140
- Driftskostnader	-1 584 000	-1 343 215	240 786
- Avskrivningar	-102 000	-101 600	400
<b>= Driftsresultat</b>	<b>341 000</b>	<b>928 326</b>	<b>587 326</b>
- Netto rentekostnad	-54 000	-50 735	3 265
<b>= Nettoinntekt</b>	<b>287 000</b>	<b>877 590</b>	<b>590 590</b>

## Korleis utarbeidar og brukar me KPI?

Saman med deg lagar me eit 1-årig budsjett for produksjonane og heile føretaket. Dette vert laga ut frå mengde \* pris som skal oppnåast i perioden. Dette dannar dermed grunnlaget for å sette aktuelle KPI.

Det vil normalt vera ulike KPI pr. periode, avhengig av produksjonsrytme / sesong i aktuell produksjon.


Av praktiske omsyn vil inndeling i periodar bli pr. 4 månad.

Når ein periode er avslutta, legg Klepp Rekneskapslag fram rapport til deg - basert på ajourført rekneskap - som viser korleis oppnådd KPI for perioden har blitt samanlikna med budsjettert KPI.

Ved store avvik mellom budsjettert og oppnådd KPI er det behov for å gjere tiltak. Då vil diskusjon med

aktuelle fagrådsgjevarar for å rette opp og betre produksjonen / rutinar vera neste punkt.

Når neste årsskifte står for døra vert nytt 1-årig budsjett for heile føretaket laga til, med nye KPI for dette året.



### Kva er forskjellen på KPI og 1-årig budsjett?

For å få laga ein KPI må det utarbeidast 1-årig budsjett.

Forskjellen ligg i at ved bruk av KPI kan du nøye deg med å halde fokus på nokre få tal (KPI) i ein enkel rapport, så har du kontroll på økonomien for heile føretaket.

### Kva kreves for å gjennomføre KPI?

For å kunne gjennomføre utarbeiding og måling av KPI må me:

- få utarbeida eit årsbudsjett for pris \* mengde for ulike produksjonar pr. 4 månader.
- føre rekneskapet løpande gjennom året, dvs. bilag må leverast jamt
- sette av tid gjennom året til å fylgje opp rapportering og aktuelle tiltak
- opprette klare rutinar på kven gjer kva
- krevje levering av informasjon og resultat frå kvarandre i arbeidet

KPI er ein ny, spennande metode å arbeide på i landbruket. Bruk av KPI vil motivere deg til å gå på nye utfordringar i kvardagen og krevje meir av dine rådsgjevarar.

### Kva tid bør ein nytte KPI til å styre økonomien?

Nokre situasjonar gjer det spesielt aktuelt å nytte KPI til å styre økonomien etter:

1. Når du ynskjer eit offensivt driftsopplegg med klare målsettingar for kva driftsresultat som skal oppnåast, og du ynskjer å dra fagrådsgjevarane tettare inn dette arbeidet.
2. Ved store produksjonsvolum vil små avvik gje store utslag på botnlinja. Då er det viktig med løpande måling av oppnådd resultat, slik at du kan kome inn tidleg nok med tiltak dersom produksjonen ikkje går som føreset.
3. Ved pressa økonomi eller små marginar å gå på, vil det vera spesielt viktig å nå målsettingane i budsjettet. Fokus på oppnådde resultat og moglegheit for rask korrigerende av produksjonen er avgjerande.

### Kva kostnad og tidsbruk har KPI?

Utarbeiding av 1-årig budsjett, KPI og oppfylgging vert fakturert pr. time frå oss. Normalt vil eit budsjett med oppfylgging koste kr. 7. - 10.000 avhengig av kor ofte det skal rapporterast pr. år. Rapportering av KPI vil koste ca kr. 2-4.000.

Rekneskapet vil du uansett få ført gjennom året.

Fagrådsgjevarar si eventuelle rådsgjeving knytta til oppfylgging av budsjett og KPI vert fakturert frå desse.

#### Klepp Rekneskapslag SA

Postvegen 209  
4353 KLEPP ST.

Telefon: 5178 6990  
Telefax: 5178 6991

e-post: [klepp@grl.no](mailto:klepp@grl.no)  
[www.kleppgrl.no](http://www.kleppgrl.no)  
Org.nr. 971 557 397  
Bankkonto: 3290.05.90228